

Resultat frå studentevaluering på HIS102, våren 2023

HIS102 vart evaluert våren 2025 gjennom ei omfattande Skjemaker-undersøking. Opplegget og spørsmåla følgjer for ein stor del det same som i 2021, 2022 og 2023, med justeringar som har vore naturlege ut frå dei omleggingar som har vore gjort i emnet (overgang til blokkundervisning, endra vurderingsform, osb.). Nedanfor er ein gjennomgang av resultata, med referanse til tidlegare resultat der det er relevant.

Sjølve evalueringsopplegget

41 studentar deltok i undersøkinga i år, mot 60 (2021), 67 (2022) og 31 (2023). Variasjonen i deltaking kan forklarast med at undersøkingane har vore gjennomført på ulike tidspunkt, og er påverka av dei endringar som har skjedd i vurderingsformat: Årets undersøking vart publisert 4. juni, med svarfrist 20. juni (medan heimeeksamen gjekk føre seg 12. til 19. juni). Undersøkingane i 2021 og 2022 vart gjennomført etter heimeeksamen, men før den dåverande skuleeksamenen, altså på eit tidspunkt der studentane hadde ein liten «pustepause», men samstundes var fullt aktive HIS102-studentar. 2023-undersøkinga vart distribuert etter at den dåverande semesteroppgåva (over éin månad) var gjennomført, altså på eit tidspunkt då studentane nettopp var ferdige med både undervisning og vurdering. Ved alle dei fire høva har instituttet lokka med gåvekort i premie til to utvalde vinnarar, noko som truleg har bidrege til å få opp svarprosenten.

Som tidlegare år, er inntrykket at svara er varierte og konsistente, og at studentane har teke evalueringa seriøst. Av dei som svarte i 2025, gjekk 33 % på BA i historie, 44 % på lektorprogrammet, medan 23 % tok einskildemne/årsstudium (to studentar som førte opp anna/veit ikkje på studietilknytning er rekna ifrå). Samanlikna med 2023, er det relativt fleire lektorstudentar (2023: 35 %) og færre studentar på einskildemne/årsstudentar (2023: 23 %) blant dei som har svart. 54 % av dei som har svart, er kvinner (menn var i fleirtal i 2023, med 61 %, og kvinner i 2022, med 58 %). 56 % av dei som svarte i 2025, har studert i eitt eller to semester, medan resten har studert i tre semester eller meir.

Det er ålment grunn til å tru at studentar som er særleg aktive og fagleg motiverte er overrepresenterte blant dei som svarar på denne typen undersøkinga, men som poengtert nedanfor, inkluderer materialet også 30 % studentar som brukte 8 timar eller mindre på studiet per veke, medan 17 % førte opp at dei hadde delteke på 0 til 4 førelesingar og at dei hadde lese mindre enn 30 % av pensum. Det er difor ikkje berre haldningane til dei mest engasjerte og dedikerte studentane som er representert i materialet.

Dei fleste spørsmåla har vore utforma som påstandar der studentane svarar ut frå ein 1-5-skala, der 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd (eventuelt svært sjeldan/svært ofte, osb.), noko som inneber at 3 vert eit nøytralt svar. Ved utrekning av gjennomsnitt, har studentar som svarar «veit ikkje» konsekvent blitt rekna frå. Dette er som regel eit fåtal, men er heilt opp i 18-20 % av respondentane på eit fåtal spørsmål, gjerne spørsmål som stiller krav til systematisk arbeid med emnet for å kunne gje ei kvalifisert vurdering (døme: 1/5 av respondentane valde å ikkje ta stilling til påstanden: Undervisninga og pensum på HIS102 utfyller kvarandre godt»).

Ålmenne vurderingar av HIS102

Her er svarfordelinga på nokre spørsmåla der vi etterspør ålmenne vurderingar av HIS102, og der 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd.

Påstand	2025	2023	2022	2021
HIS102 har i sum vore velorganisert, logisk oppbygd og konsistent	3,93	3,93	3,67	3,89
Informasjonsflyten har vore for dårleg på HIS102	1,76	1,69	1,98	1,66
Undervisninga og pensum på HIS102 utfyller kvarandre godt	3,53	3,93	3,67	3,89
HIS102 har i sum vore intellektuelt utfordrande og utviklande	3,62	4,20	4,07	4,20
Eg sit att med gode kunnskapar og godt læringsutbyte av HIS102	3,79	4,13	3,86	4,07

Tala syner at studentane på eit overordna nivå vurderer HIS102 positivt, men at det på nokre av spørsmåla er ein tilbakegang å spore, samanlikna med tidlegare år. Knappt nokon studentar uttrykkjer misnøye med informasjonen dei får, noko som også speglar seg i at påstanden «*Dei faglege krava og forventningane til meg som student har vore klårt og tydeleg formidla*» i 2025 får ein score på 4,03.

Vurderingar av undervisninga

Gjennom mange år har det vore slik at det er langt færre studentar som møter til undervisning til HIS102 enn som tek emnet. Slik var det også i 2025; 244 studentar hadde meldt seg opp til emnet, og 191 starta på eksamen (nokre færre fullførte) – men talet på studentar som var til stades i auditoriet under førelesingane oversteig neppe nokon gong 100.

HIS102 har dei seinaste åra hatt 22-25 førelesingar (i 2025 var det 22 førelesingar), og det var før overgangen til blokkundervisning alltid ein god del studentar som ynskte seg endå fleire førelesingar. Denne gruppa er no langt mindre. Påstanden «*Vi burde ha langt fleire førelesingar på HIS102*» scorar berre 2,68 (mot 1,95 i 2023), og får tilslutnad (4 – eller 5/heilt samd) frå berre ein knapp tredel av studentane som har ei meining om påstanden.

Respondentane fordelte seg slik i svaret på kor mange førelesingar dei deltok på våren 2025:

<i>På HIS102 har det vore totalt 22 førelesingar. Kor mange av førelesingane vil du tru at du har vore med på?</i>				
<i>0-4 førelesingar</i>	<i>5-9 førelesingar</i>	<i>10-14 førelesingar</i>	<i>15-19 førelesingar</i>	<i>20-22 førelesingar</i>
17 %	17 %	12 %	37 %	17 %

Blant respondentane våre, viser halvparten til «praktiske vanskar pga. andre plikter på førelesingstidspunkt» som viktigaste forklaring på at dei har skofta undervisning. 29 prosent

svarar at dei har prioritert å bruke tida til å lese pensum, medan andre har halde seg vekke frå delar av undervisninga fordi dei har vurdert den faglege kvaliteten som for låg.

Studentane meiner at førelesingane jamt over har halde høg fagleg kvalitet, med ein score på **3,78**, men vi skal leggje merke til at det har vore ein markant tilbakegang over tid på dette spørsmålet (2021: 4,43; 2022: 4,28 og 2023: 4,00). Eit fleirtal av studentane meiner at førelesarane jamt over har evna til å engasjere og å motivere studentane, men også her ser vi ein negativ trend: Scoren i 2025 var **3,37** (2021: 3,91; 2022: 3,67 og 2023: 3,50).

Særskilt om blokkundervisninga og endra vurderingsformat, arbeidskrav

HIS102 vart undervist i blokk fyrste gongen i 2023, og samstundes vart skuleeksamen avskaffa, og eit nytt system med obligatoriske oppgåver innført. Studentane meldte den gong at dei jamt over var nøgde med omlegginga, og tala er endå tydelegare i 2025. Her er gjennomsnittstala, ut frå skalaen 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd.

Påstand	2025	2023
Eg er godt nøgd med at HIS102 vert undervist i blokk	4,25	3,86
Eg skulle ynskje at HIS102 vart undervist som før, spreidd over heile semesteret	1,92	2,45
Blokkundervisning gjer meg meir stressa fordi eg må arbeide meir intensivt med emnet	2,08	2,37
Blokkundervisning gjer meg mindre stressa fordi eg kan konsentrere meg om eitt emne om gangen	3,90	3,81
Eg ville helle ha hatt skuleeksamen enn systemet med tre obligatoriske oppgåver	1,42	1,52
Dei obligatoriske oppgåvene var for enkle	2,60	2,40

I evalueringa av HIS102 i 2023, vart det peikt på ei markant endring som *kunne* ha med overgangen til blokkundervisning og nytt vurderingsformat å gjere: Relativt mange studentar hadde tidlegare år gjeve uttrykk for at dei kjende seg «alt for fri» på HIS102, og følgeleg hadde vanskar med å arbeide disiplinert, men dette talet vart langt lågare etter overgangen til ny ordning. Talet har auka att noko no. Påstanden: «*Fridomen på HIS102 er alt for stor, eg skulle ynskje at instituttet stilte tydlegare arbeidskrav til studentane*» fekk ein score på 2,43 i 2025, mot 2,10 i 2023. Sjølv om hovudtyngda av studentar er nøgde, gjev 20 prosent uttrykk for at dei kunne tenkje seg tydlegare arbeidskrav.

HIS102 har gjennom åra gjort fleire forsøk på å organisere frivillige arbeidsseminar, men interessa for å delta på desse seminar har til sjuande og sist vist seg å vere dårleg. Unntaket er dei digitale fredagsseminara som vart etablert som eit kombinert fagleg–sosialt tiltak under Coronanedsteninga, og som fungerte godt – eller iallfall tilfredsstillande – i 2021 og 2022, før interessa fordufta att i 2023. I evalueringa den gong vart det konstatert at den labre oppslutnaden var eit teikn på at seminaret ikkje trongst som sosial arena, og at den faglege verdien ikkje vart vurdert som stor nok, sett opp imot andre måtar å bruke tida på.

Det synst klårt at HIS102-studentane jamt over er soloarbeidarar, og sjølv om det finst avvikande røyster (nokre etterlyser arbeidsgrupper, tydlegare arbeidskrav, o.l.), tenderer eit fleirtal til å vere nøgd med at instituttet ikkje er «tettare på» i dette emnet. Samanlikna med tidlegare år, er det markant færre om som etterlyser tilbakemelding på eigne faglege prestasjonar undervegs, som klagar over at dei ikkje får til å samarbeide fagleg med medstudentar, eller som kjenner seg einsame og overlatte til seg sjølv på studiet. Det er ikkje heilt enkelt å tolke dette funnet. Ei negativ tolking, kan vere at studentane har få forventningar, og at emnet er organisert på ein måte som også passar godt for dei som ikkje ynskjer å leggje så mykje innsats inn i det. Tala kan også tolkast positivt, som at studentane jamt over er nøgde, og kanskje verdset å ha ser at eit emne som HIS102 har ein verdi i kombinasjon med andre emne der fagmiljøet er «tettare på». Det kan uansett vere grunn til å hevde at det psykososiale fungerer noko betre no enn tidlegare.

Her er gjennomsnittstala frå 2025 og tidlegare år, ut frå skalaen 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd:

Påstand	2025	2023	2022	2021
Eg skulle ynskje at instituttet organiserte obligatoriske arbeidsgrupper for studentane	2,63	2,44	2,60	2,51
Eg skulle ynskje at eg fekk tilbakemelding på eigne faglege prestasjonar undervegs	2,53	3,37	3,54	3,60
Eg har hatt ynske om å få til fagleg samarbeid med medstudentar, men har ikkje fått det til	1,78	2,71	2,70	2,10
Eg har kjent meg einsam og overlatt til meg sjølv under studiane på HIS102	1,92	2,03	2,50	2,65

Arbeidsinnsats og føresetnader for sjølvstendig arbeid.

Innanfor blokkformatet (15 poeng på eit halvt semester) er HIS102 dimensjonert ut frå tanken om at studentane skal arbeide med emnet på heiltid. Det er like fullt meir treffande å seie at den gjennomsnittlege studenten på emnet er *halvtidsstudent*. Vi har tidlegare konstatert at svært mange av studentane avstår frå å delta på undervisninga, og vi ser også at mange studentar arbeider langt mindre enn ei normalarbeidsveke med HIS102. Av respondentane er det 34 prosent som melder at dei tek ein anna emne parallelt med HIS102 (for dei fleste av desse gjeld det eit anna fag enn historie). Trenden når det gjeld tidsbruken er ikkje så enkel å lese. Når det gjeld arbeid med pensum, er det derimot ein tydeleg, negativ trend. Om lag 1/3 av respondentane arbeidde seg gjennom mindre enn halvparten av pensum, og det er langt fleire som arbeider lite med pensum, samanlikna med kva som var tilfelle i 2023.

Her er resultata frå kartlegginga, med tal både frå 2025 og 2023:

	<i>Kor mange timar vil du tru at du i snitt har brukt per veke til studiane på HIS102 sidan undervisninga starta den 20. mars? (inkludert lesing, undervisning, skriving, arbeid med ekstra læringsressursar osv.)</i>				
<i>Tidsbruk År</i>	<i>0-8 timar</i>	<i>9-19 timar</i>	<i>20-28 timar</i>	<i>29-39 timar</i>	<i>40 timar el. meir</i>
2025	29 %	29 %	37 %	5 %	2 %
2023	20 %	43 %	30 %	3 %	3 %

	Kor stor del av pensum på HIS102 reknar du med å ha lese?				
<i>Pensummengd År</i>	<i>Mindre enn 30 %</i>	<i>Ca. 30-50 %</i>	<i>Ca. 50-70 %</i>	<i>Ca. 70-90 %</i>	<i>Meir enn 90%</i>
2025	17 %	14 %	24 %	24 %	20 %
2023	3 %	6 %	23 %	48 %	19 %

Desse tala speglar seg i eigenvurderinga, der respondentane i svært ulik grad erklærer seg som godt førebudde til undervisninga, og som nøgde med eigeninnsatsen sin på emnet. Her er gjennomsnittstala frå 2025 og tidlegare år, ut frå skalaen 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd:

Påstand	2025	2023	2022	2021
Eg har møtt godt førebudd til undervisninga	2,95	3,34	3,14	2,98
Eg er nøgd med min eigen studieinnsats på HIS102	3,28	3,76	3,21	2,94

Studentane verdset, som i tidlegare år, pensumbøkene høgt. Unntaket er utdraga frå metodeboka *Å gripe fortida*, der misnøya (ut frå tilleggskommentarar å døme) i hovudsak handlar om at studentane ikkje oppfattar boka som relevant på HIS102. Boka Europeisk politisk historie deler studentane, her er det eit fåtal kritikarar som er svært kritiske, og meiner boka er for tung, for avansert eller for detaljert. På spørsmål om kva fagleg utbyte studentane har hatt av bøkene (1 = svært lite utbyte, 5 = svært godt utbyte), svara studentane slik i 2025 med (2023-tal i parentes – pensum er det same, med unntak av at A History of World Societies er komen i ny utgåve):

Å gripe fortida: **2,36** (3,03); Grunnbok i Norges historie: **3,83** (4,03); Europeisk politisk historie: **3,76** (4,13); A History of World Societies: **4,24** (4,27).

Yngve Flo, emneansvarleg for HIS102, V253

Oppsummert 26.8.2023

Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Fylles ut av emneansvarlig

Programnivå: Fylles ut av programstyreleder (fagkoordinator)

Emne	NOSP300 og NOSP300-L Prosjektforberedende emne (felles undervisning for begge emnekoder)
År	V2025
Emneansvarlige	Kari Kinn og Jørgen Sejersted
Samlet vurdering av gjennomføringen av emnet	NOLISP300(-L) skal forberede studentene Studentene var delt i to grupper basert på fordypningsområde, språk eller litteratur. Kari Kinn underviste språkgruppa og Jørgen Sejersted litteraturgruppa. Det var omtrent like mange studenter i hver gruppe. NOLISP300 hadde 8 oppmeldte studenter, hvorav 6 tok eksamen. Alle bestod, med snittkarakteren B. NOLISP300-L hadde 23 oppmeldte studenter. Alle tok eksamen og bestod; snittkarakteren var C. Vi er generelt godt fornøyde med gjennomføringen av emnet, og de fleste studentene som har svart på studentevalueringen uttrykker også dette, jf. neste punkt.
Emne: Er emnet student-evaluert? Hva kom i så fall fram der? Program: Funn i eventuelle programsensorrapporter sist år.	Emnet er studentevaluert; 9 studenter svarte på undersøkelsen. Rundt halvparten var «svært fornøyd» med emnet, to studenter var «ganske fornøyd», to var «verken eller». To tredjedeler av studentene svarer at de opplever at emnet har hjulpet dem med å forberede masterprosjektet «i stor grad» eller «i nokså stor grad». To tredjedeler er også «svært fornøyde» med seminarundervisningen. Det er litt mer delte meninger om pensum og obligatorisk aktivitet, særlig muntlig presentasjon av masterprosjektet mot slutten av semesteret. De fleste er imidlertid fornøyde med dette også, og noen uttrykte eksplisitt i en fritekstkommentar at den muntlige presentasjonen var en positiv overraskelse.

Var det noe som ikke fungerte godt nok? Er det behov for å foreta justeringer eller sette inn tiltak for å forbedre emnet/programmet? Hvilke?	Ingen merknader.
Andre kommentarer eller innspill	Ingen merknader.

Emneevaluering NOLISP300 og NOLISP300-L Prosjektforberedende emne, våren 2025

Kari Kinn og Jørgen Sejersted, 12. august 2025

Vedlegg: Sammenstilling av svar på studentevaluering

Bakgrunn


NOLISP300 og NOLISP300-L har til hensikt å forberede studentene på å skrive masteroppgave. I løpet av semesteret skal studentene planlegge masterprosjektet i samarbeid med en (midlertidig) veileder. Eksamensformen er en semesteroppgave i form av en prosjektskisse. Våren 2025 var Jørgen Sejersted og Kari Kinn emneansvarlige.

NOLISP300 er på 15 studiepoeng og tas av studenter på masterstudiet i nordisk språk og litteratur eller norrøn filologi. NOLISP300-L er på 10 studiepoeng og tas av studenter på lektorprogrammet. Emnekodene har hatt samme undervisning, men studentene har vært delt i to grupper ut fra fordypningsområde (språk eller litteratur). Disse to gruppene har hatt separate seminarer og pensum. Jørgen Sejersted hadde ansvar for litteraturgruppa og Kari Kinn for språkgruppa. Vårsemesteret 2025 var det omtrent like mange studenter i hver gruppe, mens det tidligere har vært overvekt av litteraturstudenter.

NOLISP300 hadde 8 oppmeldte studenter, hvorav 6 tok eksamen. Alle bestod, med snittkarakteren B. NOLISP300-L hadde 23 oppmeldte studenter. Alle tok eksamen og bestod; snittkarakteren var C.

Emnet hadde studentevaluering våren 2025. 9 studenter svarte, hvorav 6 var på språkgruppa og 3 på litteraturgruppa (i svarene på enkeltspørsmål skilles det ikke mellom de to gruppene). Overordnet sett er de fleste som svarte, enten svært fornøyde eller ganske fornøyde med emnet (figur 1).


Generelt sett, hvor fornøyd er du med NOLISP300/NOLISP300-L?



Figur 1: Generell tilfredshet.

De fleste uttrykker også at emnet har hjulpet dem med å forberede masterprosjektet (figur 2).

I hvor stor grad opplever du at kurset har hjulpet deg til å forberede masterprosjektet ditt?




Figur 2: Nytte for forberedelse av masterprosjekt.

Undervisning og pedagogiske valg

Hver gruppe (språk og litteratur) hadde fire seminarøkter (dobbelttimer), to i begynnelsen av semesteret og to mot slutten av semesteret. I midten av semesteret hadde vi en lengre pause på grunn av praksisperiode for lektorstudentene. Enkelte studenter har uttrykt (muntlig) at dette er ugunstig, noe vi har forståelse for. Kanskje blir det annerledes med det nye lektorprogrammet som er på vei. Når det gjelder kvaliteten på seminarene, er imidlertid de fleste svært fornøyd eller ganske fornøyd (figur 3). I begge gruppene, men særlig på språk, satte vi av litt tid på seminarene til kollektive, fokuserte skriveøkter med faglærer tilgjengelig. Hensikten var å hjelpe studentene i gang med prosjektskissen, og studentene ser ut til å ha satt pris på dette.

Hvor fornøyd er du med seminarene på emnet?




Figur 3: Tilfredshet med seminarer.


Pensum for emnet bestod av en felles del (ulik for språk og litteratur, ca. 300 sider for hver gruppe) og en individuell del som studentene valgte selv ut fra temaet for den planlagte masteroppgaven (ca. 700 sider for NOLISP300 og 300 sider for NOLISP300-L). Tilfredsheten med pensum varierer, men omtrent halvparten er svært fornøyd eller ganske fornøyd (figur 4). Vi vet ikke nøyaktig hvilke deler av pensum som har vakt

misnøye hos de studentene som uttrykker dette. En av fritekstkommentarene sikter muligens til *Den gode oppgaven* av Rienecker og Jørgensen, men samtidig inneholder denne boka mange konkrete tips til oppgaveskriving som studenter erfaringsmessig etterspør.

Hvor fornøyd er du med pensum?



Hvor stort læringsbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen?




Figur 4: Tilfredshet med pensum.

Obligatorisk aktivitet og eksamen

Som obligatorisk aktivitet skulle alle studentene levere pensumliste for individuelt pensum på begynnelsen av semesteret og holde en muntlig presentasjon om prosjektet sitt mot slutten. De skulle også gi muntlig respons på presentasjonen til en medstudent. NOLISP300 hadde i tillegg en skriftlig oppgave på 2000 ord med diskusjon av pensumlitteratur fra det individuelle pensumet.

De fleste studentene i evalueringen sier at de er svært fornøyd eller ganske fornøyd med arbeidsformene og den obligatoriske aktiviteten på emnet, selv om enkelte også er mindre fornøyd (figur 5).



Figur 5: Tilfredshet med arbeidsformer og obligatorisk aktivitet.

I fritekstkommentarer blir den muntlige presentasjonen trukket fram dels som en positiv overraskelse, og dels som noe negativt. Den positive kommentaren vektlegger at presentasjonen skapte en god samtale om prosjektet i et større fellesskap. Slike samtaler forutsetter at flest mulig studenter er til stede gjennom hele presentasjonsdagen og ikke bare når de skal presentere eller gi respons selv. På den ene presentasjonsdagen for språk ble forventningen om tilstedeværelse gjennom hele dagen muligens ikke kommunisert tydelig nok, og vi noterer dette til neste gang.

Annet praktisk-administrativt og fritekstkommentarer fra studentevalueringen

Alle fritekstkommentarene fra studentevalueringen er limt inn i figur 6. Når det gjelder det praktisk-administrative har det vært en del å holde styr på for de emneansvarlige med flere parallelle grupper og emnekoder, noe som har vært kilde til litt forvirring blant annet rundt pensumkrav. Kommunikasjonen har likevel stort sett gått bra. Vi har hatt en felles Mitt UiB-side for alle, og vi har vært nøye med å merke alle kunngjøringer tydelig med hvilken studentgruppe de gjelder.

Har du andre kommentarer?

- ***
- Nei
- Jeg er fornøyd med veileder og dyktige faglige ansatte.
- "Oppgaveskriving" som eget fagområde er noe det akademisk-industrielle kompleks har funnet på for å selge flere lærebøker.
- Før eg skulle presentere masterprosjektet mitt, følte eg at denne oppgåva var mest eit hinder i vegen. Det viste seg at denne måten å presentere på var særst givande for prosjektet. Det var særst nyttig med ein samtale i fellesskap som omhandla mitt prosjekt.
- Føltas kanskje litt meningsløst ut med presentasjon, fordi alle er mer stresset over eget prosjekt og ikke kommer med så gode tilbakemeldinger.
- Nei
- Veldig bra lagt opp!
- Kjempefornøyd!

Figur 6: Fritekstkommentarer.

Oppsummerende vurderinger

Konklusjonen må i hovedsak være positiv. Kurset tjener sin hensikt med å få studentene i gang med masteroppgavearbeidet på et tidlig tidspunkt og det har en faglig-sosial funksjon i det studentene blir bedre kjent med hverandre og dessuten får kontakt med kurslederne og en midlertidig veileder.


Tilbakemeldinger tyder på at studentene satt pris på at samlingene satte av tid til aktiv skriving med kursleder i lokalet. Dette ble praktisert i begge grupper, men i større grad på språkdelen.

Pensum og undervisning var ulik, da litteraturgruppen i stor grad brukte *Den gode oppgaven* som utgangspunkt for kursleders refleksjoner rundt oppgaveskriving. Mange studenter er skeptiske til denne boken og ønsker ikke å bruke penger på å kjøpe den. Eldre utgaver er tilgjengelige på nb.no og boken kan uansett fungere mer som ressursbok for seminarleder enn som teoretisk pensum.


De avsluttende skissene holder et godt nivå og gjenspeiler som regel en selvstendig faglig prosess som studentene har vært gjennom. Flere studenter kommenterte muntlig mot slutten at de er skeptiske til at skissen får karakter A-F og ikke bare bedømmes bestått/ ikke-bestått. Argumentet er at skissen bare er forberedelse til masteroppgaven, som er det egentlige sluttproduktet. Tidligere praksis tyder imidlertid på at en slik forenklet vurderingsordning fører til betydelig kvalitetsfall i skissene.

Det er et spørsmål om kurset representerer for lettkjøpte studiepoeng. Vårt inntrykk er imidlertid at i de fleste tilfellene legger studentene ned et betydelig arbeide med å finne fram til en egnet tematikk og orientere seg i sekundærlitteratur. Skissen er en omfattende tekst og en velegnet form for å forberede studentene på kulminasjonen av deres akademiske studium. I tillegg gir den trening i prosjektplanlegging og prosjektpresentasjon som er overførbar til flere deler av arbeidslivet.


Hvilken av gruppene i NOLISP300/NOLISP300-L tilhører du?




Generelt sett, hvor fornøyd er du med NOLISP300/NOLISP300-L?




Fremstår NOLISP300/NOLISP300-L som et helhetlig kurs? (samsvar mellom ulike deler, god nok tid på hvert tema, pensum)




Hvor fornøyd er du med seminarene på emnet?




Hvor stor andel av seminarene har du deltatt på?




Generelt sett, hvor stort læringsutbytte har du hatt av å følge seminarene?




Hvor fornøyd er du med pensum?




Hvor stort læringsbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen?




Var pensummengden tilpasset kursets omfang?



Hvor fornøyd er du med arbeidsformene og den obligatoriske undervisningsaktiviteten på kurset?



I hvor stor grad opplever du at kurset har hjulpet deg til å forberede masterprosjektet ditt?



Samlet status

